

Protokoll frå årsmøte i Jordvernforeningen i Rogaland

- 20. mars 2018 kl. 19.30 – 21.30, på Bryne Kro og Hotell.

Det møtete i alt 24 personer.

1. Opning av møtet ved leiar Olaf Gjedrem

Innlegg ved Anfinn Rosnes, ass. Landbruksdirektør i Rogaland som bl.a. omhandla

- Spredt busetjing er ein del av jordvernet
- Jordlova § 9: *Dyrka jord må ikkje brukast til andre føremål enn jordbruk*
- I Rogaland er det mål om å omdisponere maks. 400 da. matjord pr. år innan år 2022
- Ikkje enkelt å erstatte god dyrka jord på Jæren med jord som t.d. ligg 300 m. over havet
- Ikkje behov for å bygge ut E-39 med 4 felt då me ikkje treng det, 13.000 biler pr. døgn
- Få meir av trafikken over på båt og bane
- Me treng 2 ½ klode for å forsvare forbruket vårt
- Er skeptisk til vindmølle-utbygging, jfr. Naturmangfoldlova
- Meiner at dagens kommunestruktur har gjort at for mykje jord har vorte nedbygd
- Vore tilsett i 30 år, har samla erfart mange saker om jordvern i løpet av denne tida

Det vart ein del innlegg, spørsmål og diskusjon i oppfølginga.

Etter ein god matpause vart resten av møtet gjennomført med årsmøte-saker:

2. Godkjenning av innkalling og sakliste. Vedtak: Godkjent utan merknader
3. Val av møteleiar. Vedtak: Olaf Gjedrem vart valgt
4. Val av referent. Vedtak: Geir Oluf Hareland vart valgt
5. 2 personar til å underskrive møteprotokoll. Vedtak: Bente Gilje og Anne Marie Joa
6. Godkjenning av årsmelding for 2017. Geir Oluf las opp årsmeldinga. Vedtak: Godkjent
7. Godkjenning av rekneskapen for 2017. Er revidert av Magne Nilsen og Torgeir Kinn. Kåre Søyland las opp og kommenterte rekneskapen. Vedtak: Godkjent utan merknader.
8. Valet vart leia av Hans Aarsland (alle vart valgte v/akklamasjon:

Leiar for 1 år: Olaf Gjedrem, attval
Styremedlemer for 2 år: Karen Fosså Handeland(ny) . (Anne Marie Joa hadde ikkje attval)
1. varamedlem for 1 år: Torbjørn Haugland, ny
2. varamedlem for 1 år: Valnemnda hadde ingen forslag. Årsmøtet tiltrådte dette.
Ikkje på val: Kåre Søyland, Geir Oluf Hareland og Bente Gilje
Revisorar for 1 år: Torgeir Kinn og Magne Nilsen, attval på begge
Ny medlem til valnemnda for 3 år: Anne Marie Joa (Hans Aarsland går ut)

9. Godtgjering til styreleiar: Vedtak: kr. 6.000,- pr år (uendra frå i fjor)
10. Kontingent for 2018: Vedtak: Kr. 300,- pr. medlem, Ungdommer u. 25 år: Kr. 150,- (første året)
11. Innkomne saker: Det var ingen innkomne saker.

Karen orienterte om heimesida til Jordvernforeningen, Olaf takka desse 3: Anne Marie Joa for godt samarbeid i styret, Anfinn Rosnes for innlegget og godt samarbeid med Fylkesmannen, Mabel Anda for godt arbeid med rekneskap/medl.kontingent. Alle 3 fekk utdelt blomsterbukett.

Referat v/Geir Oluf Hareland

Bente Gilje

Anne Marie Joa